



Innst. S. nr. 42

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

St.meld. nr. 5 (2007-2008)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2006

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Fornyings- og administrasjonsdepartementets innleiing

Det er ei uttalt målsetjing for Regjeringa å fornye og utvikle offentleg sektor, ikkje minst gjennom ein offensiv IKT-politikk som inneber utvikling av fleire og betre tenester på Internett, vidareføring av arbeidet for ei døgnopen forvaltning og auka satsing på universelt utforma teknologi. Målsetjinga er at det skal etablerast ordningar som både tek omsyn til samfunnets behov for innsyn og kontroll, og enkeltmennesket sin rett til personvern. Regjeringa ønskjer å ha fokus på at personvernet ikkje blir svekt, noko som kjem tydeleg fram i St.meld. nr. 17 (2006-2007) Eit informasjonssamfunn for alle.

Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2006 gir både ein situasjonsrapport og eit forsøk på å sjå inn i framtida. Diskusjonane som kjem fram i meldingane, er eit viktig ledd i den gjensidige tilpassinga mellom teknologi og sosial bruk av teknologien.

Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2006 viser korleis nye løysingar innverkar på personvernet til den enkelte. Datatilsynets årsmelding er delt opp i to delar, der den eine er tilbakeskodande og gir faktiske opplysningar, mens del II er meir resonnerande og framtidretta. Fornyings- og administrasjonsdepartementet oppfattar det slik at særleg den siste delen gir verdifull innsikt i utviklinga av personvernet.

I årsmeldinga til Datatilsynet er det trekt fram som ein tendens at mange nye løysingar ikkje gjer det mogleg å velje anonymitet. Når ein veg tapet av per-

sonvern opp mot dei økonomiske og praktiske fordelane i ei konkret sak, kan det framstå som riktig å akseptere at vernet skal avgrensast noko. Men ved ei slik fragmentarisk tilnærming er det vanskeleg å overskoda den samla konsekvensen av inngrepa.

Blant anna på bakgrunn av slike utfordringar blei Personvernkomisjonen oppretta og oppnemnd 25. mai 2007. Det er lagt vekt på å skape ein personvernkomisjon som skal vurdere utfordringar og moglegheiter for personvernet som heilskap, særleg i lys av den teknologiske utviklinga. Ein ventar at kommisjonen vil setje ulike tema på dagsordenen og skape debatt. Personvernkomisjonen skal gi sin rapport til Fornyings- og administrasjonsdepartementet 8. desember 2008.

Personvernundersøkinga i 2005 viste at det er liten kunnskap om personopplysningsloven både blant enkeltmenneske og i private og offentlege verksemder. I 2006 har derfor Datatilsynet hatt fokus på å gi informasjon om regelverket.

Både Datatilsynet og Personvernemnda viser i sine årsmeldingar til at det er behov for endringar og revisjon av personopplysningsloven på ei rekkje felt, for eksempel med omsyn til bruk av biometri. Justisdepartementet har ansvaret for revisjonsarbeidet. Både Datatilsynet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet assisterer i denne prosessen.

Parallelt med arbeidet med revisjon av loven blei det i 2006 sett ned ei arbeidsgruppe sett saman av tilsette i Justisdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Datatilsynet, som utarbeidde eit forslag til forskrift til personopplysningsloven om innsyn i e-post. Som utgangspunkt foreslo arbeidsgruppa at det ikkje skal vere rett til innsyn i ein enkeltpersons e-post-korrespondanse, men at innsyn likevel kan vere tillate i konkrete situasjonar. Det blei òg foreslått at reglane i ein viss grad kunne avvikast gjennom fastsett instruks. Forslaget blir justert på bakgrunn av dei mottekne høringsfråsegnene.

Departementet har merkt seg at omgjeringsprosenten for klagesaker som blir avgjorde av Personvernemnda er etter måten høg.

1.2 Fornyings- og administrasjonsdepartementets merknader til Datatilsynets årsmelding for 2006

Fornyingsdepartementet har merka seg at Datatilsynet har fokus retta mot brot på teieplikta og mogleg misbruk av opplysningar i så vel helsesektoren som finanssektoren.

Datatilsynet uttaler i årsmeldinga at publisering av saker på tilsynets heimeside kombinert med ein aktiv mediekontakt gjer tilsynet godt synleg.

Departementet er fornøgd med Datatilsynets val av kommunikasjonsprosjekt, og overføringa til informasjonstiltak på 2 mill. kroner blir vidareført i 2007. Departementet er særleg nøgd med satsinga mot barn og ungdom og har bestemt at det for 2007 blir satt av ytterlegare 1,1 mill. kroner øyremerkte til prosjekt retta mot barn og unge.

I Datatilsynets årsmelding er personvernproblematikk knytt til bruk av Internett trekt fram som ein viktig tendens. Problemstillinga er blant anna illustrert med fire saker om sletting frå Internett.

Gjennom eit prosjekt retta mot ungdom og Internett blei det utvikla eit undervisningsopplegg for elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule, der budskapet er at unge i stor grad kan ta kontroll over sine egne opplysningar, og at dei også sjølve er ansvarlege for å respektere andres rett til personvern.

I meldingsåret blei det satt av pengar til eit prosjekt som skulle ta sikte på å bevisstgjere verksemder om pliktene i personopplysningsloven og samtidig motivere og rettleie dei til å etterleve regelverket. Det er utarbeidd rettleiingsmateriale med ferdige malar som verksemdene kan nytte ved utvikling av internkontroll-dokument.

Som eit ledd i arbeidet med å gjere personopplysningsloven kjent har Datatilsynet i 2006 satsa spesielt på ordninga med personvernombod. Satsinga har blant anna vore retta mot kommunesektoren og bank- og finanssektoren. Talet på personvernombod er nesten tredobla i meldingsåret, noko som truleg er ei direkte følgje av satsinga til Datatilsynet.

Departementet meiner auken i talet på personvernombod er eit signal om at satsinga har vore vellykka. Dette tilseier ei vidareføring av arbeidet, og ordninga bør evaluerast etter ei tid.

I 2006 blei det gjennomført tilsyn mot i alt 150 verksemder, ca. 15 pst. fleire enn i 2005. Tilsyna er i stor grad gjennomførte som prosjekt retta mot bestemte bransjar eller bestemte typar verksemd. På denne måten har Datatilsynet kunna avdekkje i kva grad feil og manglar er tilfeldige eller utslag av ein meir gjennomgåande tendens innanfor gjeldande bransje eller type verksemd. Ei slik fokusert tilsynsverksemd verkar fornuftig, og departementet støttar opp om framgangsmåten som er vald.

Konklusjonane frå kontrollane som Datatilsynet har gjennomført i 2006, synest å vere på linje med resultat

frå tidlegare år. Etterlevinga av regelverket for dokumentert datatryggleik og internkontroll er framleis relativt dårleg. Dette ser igjen ut til å medføre at det blir registrert unødvendig mange personopplysningar som ofte blir lagra unødvendig lenge. I tillegg ser rutinar i forhold til samtykke og informasjon ut til å vere noko tilfeldige.

1.3 Fornyings- og administrasjonsdepartementets merknader til Personvernemndas årsmelding for 2006

Personvernemnda har som hovudoppgåve å avgjere klagar på Datatilsynets vedtak. Personvernemnda er oppteken av å reindyrke rolla som klageorgan og ønskjer derfor ikkje å delta aktivt i personverndebatten. Departementet ser at det kan vere vanskeleg for Personvernemnda å reindyrke rolla som klageorgan og samtidig bidra med kunnskapsformidling. Departementet meiner likevel at det er viktig at Personvernemnda bidrar med generell informasjon om viktige prinsippavgjerder.

1.4 Administrasjon og ressursar

Datatilsynet arbeider retta mot allmenta. Datatilsynets budsjett for 2006 låg i underkant av 25 mill. kroner, av desse var 2 mill. kroner øyremerkte til kommunikasjonsprosjekt. Ca. 65 pst. av desse midlane går til lønnskostnader fordelt på 32 medarbeidarar.

Departementet ser med interesse på at det blir prøvd ut andre former for tilsyn enn ved besøk, som for eksempel skriftlege spørjeundersøkingar til forskjellige bransjar, for å oppnå ein formålstenleg bruk av ressursane.

Datatilsynet deltek i ein del internasjonale fora, og ein del av budsjettet til Datatilsynet er derfor bundne opp i reiseutgifter. Departementet erkjenner at personvernproblemstillingar strekkjer seg over landegrensene, og er positive til at Datatilsynet prioriterer internasjonal deltaking.

Det er gjennomført 11 møter i Personvernemnda, og 13 saker er avgjorde. Saksmengda til Personvernemnda har vore stabil sidan 2005, og nemnda reknar med at den vil halde seg på ca. 20 saker i året. Departementet meiner at det er svært viktig at Personvernemnda har ein beredskap for auke i talet på saker eller arbeidsmengd slik at ein unngår lang saksbehandlingstid.

Departementet meiner det er viktig at Personvernemnda gjennom sine arbeidsmetodar sikrar ein viss kontinuitet ved skiftet av leiing. Det kviler i denne samanheng eit stort ansvar på sekretariatet.

2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Tore Hagebakken, Saera Khan, Inger Løite, Tom Strømstad Olsen og Arild Stokkan-Grande, fra Framskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Åge Starheim og Ib Thomsen, fra Høyre, Kari

Lise Holmberg og Bent Høie, fra Sosialistisk Venstreparti, Rolf Reikvam, fra Kristelig Folkeparti, Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Venstre, Vera Lyskløtt, viser til at årsmeldingen gjelder 2006, året etter det såkalte "personvernåret".

Komiteen vil innledningsvis bemerke at personvern er en viktig del av enkeltmenneskets frihet, og uten en bevisst personvernpolitikk kan vi havne i et totalovervåket samfunn.

Komiteen merker seg at Datatilsynet har fulgt opp den omfattende personvernundersøkelsen fra 2005 og viser til ekstrabevilgningen fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) på 2 mill. kroner i 2006 for å følge opp utvalgte satsingsområder. Komiteen har særlig merket seg satsingen på ungdom og personvern og at det er utarbeidet et eget undervisningsopplegg og en egen personvernside på Internett rettet mot ungdom spesielt.

Komiteen merker seg videre at opprettelse av personvernombud i virksomheter har vært et prioritert satsingsområde i 2006 og at det er en positiv utvikling i antallet ombud. Personvernundersøkelsen fra 2005 viste at arbeidstakere og arbeidsgiver stort sett er enige om hva som er akseptabel overvåking på arbeidsplassen. Det er likevel behov for å ha et bevisst forhold til personvern både i ledelse og blant ansatte i virksomheter. Komiteen merker seg at Datatilsynet spesielt har konsentrert seg om helsesektoren og finansnæringen. Komiteen vil derfor peke på at det ikke bare er forholdet mellom arbeidstaker og arbeidsgiver det er snakk om, men også en mer bransjerettet holdning til personvern. En styrking av ansattes holdninger og kunnskap om personvern kan derfor være et bidrag til å utvikle bedre bransjerettede holdninger til personvern og slik styrke personvernet for pasienter, publikum og kunder.

Komiteen viser til at årsmeldingen peker spesielt på seks tendenser som har vært særlig fremtredende i 2006. Dette gjelder områder som anonymitet, voksende databaser, etterforskning i privat regi, biometri og økte forventninger til publikum om selv å "bevise" sin uskyld gjennom "frivillig" kontroll og overvåking. Komiteen peker på at omtalen av disse trendene understreker behovet for en ytterligere styrking av arbeidet med personvern. Komiteen merker seg at Regjeringen ikke ønsker å svekke personvernet.

Komiteen legger også merke til at det har vært en økt satsing på tilsynsvirksomhet i 2006. Komiteen merker seg at funnene fra tilsynene viser at personvernet fortsatt er under press. I alle sektorer hvor det er ført tilsyn, er det funnet til dels fremtredende brudd på bestemmelser og svikt i rutiner.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil på bakgrunn av dette henstille til Regjeringen om å vurdere økte bevilgninger til Datatilsynet i 2008 for å øke antallet tilsyn og tiltak rettet mot helsesektoren.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre viser til at det i de respektive partiers alternative statsbudsjetter for 2008 er foreslått bevilget 1 mill. kroner mer til Datatilsynet i 2008 enn i forslaget fra Regjeringen.

Komiteens medlem fra Venstre viser til at Venstre i sitt alternative statsbudsjett for 2008 har foreslått bevilget 2 mill. kroner mer til Datatilsynet i 2008 enn i forslaget fra Regjeringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at Datatilsynet står overfor en formidabel jobb fremover, blant annet knyttet til spørsmål om datalagring. Disse medlemmer påpeker at Datatilsynet med Regjeringens opplegg for 2008 får en reell nedgang i midler på grunn av den høye lønnsveksten som for tiden finner sted i Norge. Disse medlemmer viser til at Datatilsynet er helt avhengig av å kunne rekruttere personer med høy kompetanse for å matche kompetansen de møter på dette området i sitt daglige virke.

Disse medlemmer vil også peke på at målsettingen om å fornye og utvikle offentlig sektor, samt omfattende og hurtig teknologiutvikling på mange områder, medfører at personvernet utfordres i stadig større grad. Også av denne grunn mener disse medlemmer det er viktig at Datatilsynets budsjetttramme økes. Disse medlemmer peker også på at Datatilsynet fra offentlig sektor møter holdninger til personvernforhold som tyder på manglende prioritering av slike forhold og manglende respekt for Datatilsynets virksomhet. Disse medlemmer forutsetter at departementet følger opp dette for å sikre større vekt på og større respekt for personvernforhold.

Disse medlemmer viser til forhold innenfor transportsektoren som svekker personvernet. Disse medlemmer peker spesielt på oppbevaring av passeringinformasjon i forbindelse med bompengebetaling og bruk av betalingsbrikke i bil som gir grunnlag for sporing av kjøretøy. Disse medlemmer peker også på at personvernet angripes gjennom innpassing av EU-direktiv knyttet til transportsektoren gjennom innpassing i EØS-avtalen. Disse medlemmer mener Norge i større grad bør reservere seg mot reduksjon i personvernet i Norge gjennom slik innpassing, i større grad la Stortinget behandle slike saker, og ikke gjennomføre endringer i norske lover og forskrifter i stort tempo uten forutgående grundig behandling.

Disse medlemmer peker også på at det enkelte departement og den enkelte fagstatsråd må ta større ansvar for å ivareta personvern hensyn i saker som også berører personvernet. Disse medlemmer viser til at Regjeringen har nedsatt en personvernkomisjon. Det vil ta lang tid før eventuelle resultater av kommisjonens arbeid vil gi endring i norsk lov- og regelverk. Disse medlemmer understreker derfor at et bevisst og aktivt arbeid med å ivareta personvernforhold er viktig i etatenes, departementenes, Regjeringens og Stortingets løpende arbeid.

Disse medlemmer understreker igjen behovet for et sterkt og uavhengig datatilsyn, og behovet for at Datatilsynets påpekinger, tilrådinger og konsesjoner følges opp.

3. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

St.meld. nr. 5 (2007-2008) - om Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2006 - vedlegges protokollen.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 27. november 2007

Tore Hagebakken
leder

Vera Lyskløtt
ordfører